

Telenor Mobil fekk samrøystes nei

24.09.2008



Forvaltningskomiteen sa samrøystes nei til antenne på denne knausen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

I tråd med innstillinga frå rådmannen gjekk forvaltningskomiteen onsdag samrøystes i mot at Telenor Mobil skal få setja opp antenn og utstyrshytte på og ved ein knaus i strandsona på Korsnes.

Då hadde leiar Einar Saghaug (Innbyggjarpartiet) først gått inn for at komiteen skulle utsetja saka for synfaring, men han fekk ingen med seg på det. Forslaget om utsetjing begrunna han med at det gjeld unnataksreglar for offentlege føremål.

Øyvind Utne (H) såg inga hensikt i utsetjing.

Etter at utsetjingsforslaget var avvist sa leiaren at oppsettjing av ei slik antenn ville pressa seg fram andre stader og at den føreslegne knausen kanskje likevel var den beste plassen.

Morten Vevatne (V) sa at ein burde se på andre mogelege løysingar.

Endre Blokhus (Framstegspartiet) meinte det var betre med ein større sendar enn fleire små linkar.

Telenor Mobil søkte først om oppføring av ein trestolpe på 10 meter med antennen på toppen av knausen og ei utstyrssbu på åtte kvadratmeter nedanfor denne.

Etter naboprotestar vart det lansert to alternativ , anten ein stolpe på 14 meter nedanfor knausen eller ein stolpe på seks meter med gittarmast oppe på han.

Av Ola Matti Mathisen